

Eksamen

1. juni 2017

DRA2009

Drama og samfunn

Programområde: Drama

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 5 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Vurderingskriterium:</p> <p>Kunnskap: Kandidaten kan gjere greie for eit utval dramapedagogiske metodar og/eller teaterpedagogiske metodar og bruk av desse. Kandidaten viser kunnskap om grunnleggjande omgrep og retningar i læringsteori og pedagogikk. Kandidaten kan presentere opplegg i eit strukturert rettleiingsdokument.</p> <p>Forståing: Kandidaten viser innsikt i korleis fagkunnskapen vert tilpassa og kombinert i utarbeidinga av opplegg for ulike målgrupper.</p> <p>Refleksjon og drøfting: Kandidaten kan presentere og vurdere ulike sider i ei fagleg problemstilling, grunngje og konkludere i samsvar med eigen argumentasjon.</p> <p>Kjeldebruk: Kandidaten kan bruke kjelder på ein hensiktsmessig måte.</p>

Svar på ei av oppgåvene:

Oppgåve 1: Tekstbasert

Vel ei målgruppe du skal gjennomføre eit dramapedagogisk og/eller teaterpedagogisk opplegg for, med utgangspunkt i eventyret *Bukkene Bruse*. Du kan bruke teksten som eventyr, akkurat slik som han er, du kan tolke han fritt og sjølv velje kven det er som skal over kva slags bruer, kva for utfordringar eller hindringar som dukkar opp, og kven eller kva trollet representerer.

Tidsramme: 60-90 minutt

Del 1: Planlegging av den praktiske gjennomføringa

a) Situasjonsskildring:

Plasser opplegget inn i ein valt og grunngeve samanheng. Definer hovudmål for prosjektet, målgruppe, rammefaktorar og tidsramme for gjennomføringa.

b) Rettleiingsdokumentet:

Tilpass og kombiner ulike dramapedagogiske og/eller teaterpedagogiske metodar til den målgruppa og den situasjonen du har valt for opplegget.

- Beskriv heile opplegg med tidsrammer for oppstart, hovuddel og avslutning.
- Beskriv aktivitetane og formuler dei måla du har valt for aktivitetane.
- Sett alt inn i eit rettleiingsdokument slik du har satt opp rettleiingsdokument i eigen praksis.

Del 2: Grunngevingar for opplegget

Gjer greie for dei dramapedagogiske og/eller teaterpedagogiske metodane du har valt å bruke. Der det er naturleg, gjer også greie for kva for dramapedagogar dei er henta frå eller inspirert av.

Grunngje opplegget ditt med relevant læringsteori.

Trekk fram ei eventuell pedagogisk utfordring du ser de kan møte, og drøft moglege måtar å løyse denne utfordringa på.

Oppgave 2: Temabasert

Vel ei målgruppe du skal gjennomføre eit dramapedagogisk opplegg for med utgangspunkt i temaet *forventningspress*. Målgruppa kan vere både grunnskule og vidaregåande skule.

Tidsramme 60-90 minutt

Del 1: Planlegging av den praktiske gjennomføringa

a) Situasjonsskildring:

Plasser opplegget inn i ein valt og grunngeve samanheng. Definer hovudmål for prosjektet, målgruppe, rammefaktorar og tidsramma for gjennomføring.

b) Rettleiingsdokument:

Tilpass ulike dramapedagogiske metodar til den målgruppa og den situasjonen du har valt for opplegget.

- Beskriv heile opplegget med tidsramme for oppstarten, hovuddel og avslutning.
- Beskriv aktivitetane og formuler dei måla du har valt for aktivitetane.
- Vis korleis du vil vurdere i kva grad du når dei måla du har satt deg.
- Sett alt inn i eit rettleiingsdokument slik du har satt opp rettleiingsdokument i eigen praksis.

Del 2: Grunngevingar for opplegget

Gjer greie for dei dramapedagogiske og/eller teaterpedagogiske metodane du har valt å bruke. Der det er naturleg, gjer også greie for kva for dramapedagogar dei er henta frå eller inspirert av.

Grunngje opplegget ditt med relevant læringsteori.

Trekk fram ei eventuell pedagogisk utfordring de kan møte, og drøft moglege måtar å løyse denne utfordringa på.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 5 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Vurderingskriterier:</p> <p>Kunnskap: Kandidaten kan gjøre rede for et utvalg dramapedagogiske metoder, og/eller teaterpedagogiske metoder og bruk av disse. Kandidaten viser kunnskap om grunnleggende begreper og retninger i læringsteori og pedagogikk. Kandidaten kan presentere opplegget i et strukturert veiledningsdokument.</p> <p>Forståelse: Kandidaten viser innsikt i hvordan fagkunnskapen tilpasses og kombineres i utarbeidelse av opplegg for ulike målgrupper.</p> <p>Refleksjon og drøfting: Kandidaten kan presentere og vurdere ulike sider i en faglig problemstilling, begrunne, og konkludere i forhold til egen argumentasjon.</p> <p>Kildebruk: Kandidaten kan bruke kilder på en hensiktsmessig måte</p>

Svar på en av oppgavene

Oppgave 1: Tekstbasert

Velg en målgruppe du skal gjennomføre et dramapedagogisk og/eller teaterpedagogisk opplegg for, med utgangspunkt i eventyret *Bukkene Bruse*.

Du kan bruke teksten som eventyr, akkurat slik som den er, du kan tolke den fritt og selv velge hvem det er som skal over hva slags bruer, hvilke utfordringer eller hindringer som dukker opp, og hvem eller hva trollet representerer.

Tidsramme ca. 60 - 90 min.

Del 1: Planlegging av den praktiske gjennomføringen

a) Situasjonsbeskrivelse:

Plasser opplegget inn i en valgt og begrunnet sammenheng. Definer hovedmål for prosjektet, målgruppe, rammefaktorer og tidsramme for gjennomføringen.

b) Veiledningsdokumentet:

Tilpass og kombiner ulike dramapedagogiske og/eller teaterpedagogiske metoder til den målgruppen og den situasjonen du har valgt for opplegget.

- Beskriv opplegget i sin helhet med tidsrammer for oppstart, hoveddel og avslutning.
- Beskriv aktivitetene og formuler de mål du har valgt for aktivitetene.
- Sett alt inn i et veiledningsdokument slik du har satt opp veiledningsdokumenter i egen praksis.

Del 2: Begrunnelser for opplegget

Gjør rede for de dramapedagogiske og/eller teaterpedagogiske metodene du har valgt å bruke. Der det er naturlig, gjør også rede for også hvilke dramapedagoger de er hentet fra eller inspirert av.

Begrunn opplegget ditt med relevant læringsteori.

Trekk frem en eventuell pedagogisk utfordring du ser dere kan møte, og drøft mulige måter å løse denne utfordringen på.

Oppgave 2: Temabasert

Velg en målgruppe du skal gjennomføre et dramapedagogisk opplegg for med utgangspunkt i temaet *forventningspress*. Målgruppen kan være både grunnskole og videregående skole.

Tidsramme 60 - 90 min

Del 1: Planlegging av den praktiske gjennomføringen

a) Situasjonsbeskrivelse:

Plasser opplegget inn i en valgt og begrunnet sammenheng. Definer hovedmål for prosjektet, målgruppe, rammefaktorer og tidsramme for gjennomføringen.

b) Veiledningsdokumentet:

Tilpass ulike dramapedagogiske metoder til den målgruppen og den situasjonen du har valgt for opplegget.


- Beskriv opplegget i sin helhet med tidsrammer for oppstart, hoveddel og avslutning.
- Beskriv aktivitetene og formuler de mål du har valgt for aktivitetene.
- Vis hvordan du vil vurdere i hvilken grad du når de mål du har satt deg.
- Sett alt inn i et veiledningsdokument slik du har satt opp veiledningsdokumenter i egen praksis.

Del 2: Begrunnelser for opplegget

Gjør rede for de dramapedagogiske og/eller teaterpedagogiske metodene du har valgt å bruke. Der det er naturlig, gjør også rede for også hvilke dramapedagoger de er hentet fra eller inspirert av.

Begrunn opplegget ditt med relevant læringsteori.

Trekk frem en eventuell pedagogisk utfordring dere kan møte, og drøft mulige måter å løse denne utfordringen på.



www.vigoiks.no/eksamen